



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 Oslo

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
200709359	05.06.2013	38309/2013/S11	Johnny Loen, 71 25 82 88	02.09.2013

Halsa kommune - søknad vassressurslova - Stokkelva kraftverk - Stokkelva kraftverk SUS - fråsegn ved offentlig høyring

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Automatisk freda kulturminne

Det vart gjennomført ei mindre arkeologisk registrering knytt til utbygginga i 2012. Dette hadde i hovudsak bakgrunn at det tidlegare var påvist eit sverd frå vikingtid (truleg frå ei grav) ved traséen. Det vart ikkje påvist automatisk freda kulturminne, og vi har såleis ingen merknad til at det vert gjeve konsesjon.

Kulturminne frå nyare tid

Konsesjonssøknaden skildrar ei rekke anlegg som kverner og vasshjul som har vore knytt til elva. Fleire av desse er i dag borte. Eit kvernhaus står framleis, og er i god stand. Vi har ingen vesentlege merknader til konsesjonssøknaden, men vil etterlyse eit større fokus på kva *verknad* utbygginga vil ha på eksisterande kulturminne langs vassdraget som til dømes nemnte kvernhaus.

Friluftsliv

Vi har ikkje merknader til konsekvensutgreiinga sine konklusjonar vedrørande friluftslivet. Friluftsjansane er å sjå som reint lokale.

Dette brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli utsendt i papir.

Med helsing

Heidi-Iren Wedlog Olsen
Ass. fylkesplansjef

Johnny Loen
Plansamordnar

Fagsaksbehandlar

Kulturminne: Trond Eilev Linge, arkeolog/rådgjevar, tlf. 71 25 88 40
(for tida i permisjon, ta ev. kontakt med kulturavdelinga)

Kopi:
Halsa kommune
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, her